

Nr. 4 - Kva er vesentleg endring av gravplass?

Små tilbygg til kyrkjer

Mange av kyrkjene er bygd i ei tid då det ikkje var aktuelt med teknisk rom, toalett inne eller liknande funksjonar. Eit lite og diskret tilbygg kan av og til vere den beste løysinga for å få til slike tilpassingar.

Kyrkja sin arkitektur, historie og dei praktiske tilhøva er med på å sette rammer for utforminga av eit tilbygg. Den konkrete løysinga vil variere frå stad til stad.

Eit tilbygg til kyrkja er ei endring som fellesrådet/soknet skal handsame ut frå både kyrkjeordninga, kulturminneloven og regelverket elles, sjå mellom anna [Rundskriv Q-06/2020](#) (Barne- og familiedepartement og Klima- og miljødepartementet).

Men når er slike små kyrkjetilbygg ei vesentleg endring av gravplassen, slik at Statsforvaltaren skal handsame tiltaket etter § 4 i gravplassloven?



Eit veldig lite tilbygg, men saman med areal inne i våpenhuset, gir det plass for eit toalettrom. (Foto: Statsforvaltaren)

Når føresetnadene nedanfor er til stades, vil det til vanleg ikkje vere naudsynt at Statsforvaltaren vurderer og godkjenner små tilbygg til kyrkja som ei vesentleg endring av gravplassen.

Føresetnader

- Biskopen må ha godkjent tiltaket ut frå føresegnene i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja.
- Kulturminnestyresmaktene må ha gitt dei aktuelle dispensasjonane når kyrkja og/eller gravplassen er freda etter kulturminneloven. For listeførte (verna) kyrkjer må Riksantikvaren ha gitt biskopen si tilråding.
- Eit lite tilbygg kan vere opp til ca. 10 kvm i grunnflate. Om kyrkja har vesttårn, kan det i staden vere tenleg med to små tilbygg (5 kvm), eit på kvar side av tårnfooten.
- Avstanden til dei nærmaste festa eller freda gravene må vere minst 3 meter.
- Røyr eller straumkablar må følge traséar utanom gravfelta, sjå § 8 i gravplassforskrifta. Ver merksam på kulturminneloven og Rundskriv Q-6/2020.
- Tilbygget kan ikkje stenge for gang- eller køyrevegane på gravplassen eller hindre tilkomsten til gravplassen på anna vis.
- Tilbygget skal vere tilpassa kyrkja ved at det underordnar seg diskret til den visuelle karakteren til kyrka. Materialar og handverk skal ha høg kvalitet.
- Skal tilbygget ha tilkomst utanfrå, må ein søke om godkjenning av endringa av gangvegen, om den nye delen er meir enn ca. 3 meter lang. Veggen skal ha tilstrekkeleg avstand til freda eller festa graver, minst 1 meter mellom grav og veg.
- Om ein under gjennomføringa finn leivingar frå eldre graver, legg ein dei i ei tenleg emballasje og gravlegg han ein annan stad på gravplassen. Forvaltninga merker denne grava i gravregisteret. Kulturstyresmaktene må ha frigjeve leivningane om gravplassen er freda etter kulturminneloven.

Dersom desse føresetnadene er til stades, vil eit lite kyrkjetilbygg, ikkje vere ei vesentleg endring av gravplassen som Statsforvaltaren skal handsame, ut frå § 4 i gravplassloven.

Referansedokument

- Gravplassloven, § 4
- Forskrift til gravplassloven, § 7 utrustning og adkomst.
- Rundskriv Q-06/2020 Forvaltning av kirke, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø. (Barne- og familiedepartementet og Klima- og Miljødepartementet.)



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Juni 2021